

VOSS SENIORUNIVERSITET

ÅRSMELDING 2025

I tråd med vedtektene har styret hatt som mål å få godt kvalifiserte fagfolk til å presentere tema frå sine kunnskapsområde eller å setja søkelys på aktuelle spørsmål.

Alle møta har vore annonsert på nettsida vår voss-senioruniversitet.com, i FRISKUS, i «Kulturbeitet» og som lysing i «Hordaland».

1) Styret

Ved årsmøtet 12.02.2025 låg det føre slik tilråding frå valnemnda som årsmøtet godkjende:

Styreleiar:	Anne-Karin Dugstad	1 år (attval)
Styremedlemar:	Halvard Bjørge	Ikkje på val
	Lars Brekke	Ikkje på val
	Marit Hafting	Attval 2 år
	Marit Wæhle	Attval 2 år
	Ingunn Hommedal	Attval 2 år
	Lars Kvamme	Attval 2 år
	Geir Arne Aspebakken	Ikkje på val
	Hans Schmidt Øverland	Ikkje på val

Revisor: Jon Svein Sølvberg, 1 år (ny). Vara: Åse Steen Olsen (ny)

Valnemnd : Richard Jacobsen 1 år (attval) Oddvar Skjefstad 1 år (attval)

I møte 20.03.2025 konstituerte styret seg slik:

Anne-Karin Dugstad	Styreleiar (vald på årsmøtet)
Halvard Bjørge	Nestleiar
Hans Schmidt Øverland	Skrivar
Geir Arne Aspebakken	Nett og dataansvarleg
Lars Kvamme	Kasserar
Marit Wæhle	Kasserar
Ingunn Hommedal	Styremedlem
Lars Brekke	Styremedlem
Marit Hafting	Styremedlem

2) Styremøte

I 2025 har det vore 10 styremøte. Møtestaden har vore Park Hotel Vossevangen.

Styreprotokollen viser at me har handsama 70 saker. Dei viktigaste sakene har vore: Foredragshaldarar og tema, økonomi og arbeidsfordeling mellom styremedlemene under møta.

3. Anna styreaktivitet

- Anne-Karin Dugstad har delteke på møte hjå Frivilligsentralen
- Anne-Karin Dugstad har meldt Voss senioruniversitet inn i Frivilligregisteret
- Lars Brekke har delteke på møte i Kulturrådet
- Halvard Bjørge har delteke på årsmøte i Frivilligsentralen

- Marit Hafting, Halvard Bjørge, Lars Brekke; Geir Arne Aspebakken og Marit Wæhle var til stades på Frivilligdagen

4) Møteaktivitet

I 2025 var det planlagt og arrangert 10 møte. Dei fleste møta har vore i Vossasalen på Park . Diverre må me i turistsesongen stundom vika plass for lunsjgjester. Då er det Gamle festsalen Vossevangen som er i bruk. Denne salen er ikkje så populær hjå deltakarane våre, mest grunna manglande podium og manglande teleslyngje.

Styret er nøgd med bruk av Vossasalen. Hotellet har vore svært hjelpsame med å leggje til rette for møta, både med omsyn til teknisk avvikling og servering. Styret rettar stor takk til hotellet for god hjelp.

Onsdag 22.1:

Tidlegare korrespondent i NRK Morten Jentoft: « **Den vanskelige freden,- hva skjer etter år med krig mellom Russland og Ukraina?»**

269 deltakarar

Onsdag 12.2:

Prosjektansvarleg for Plastjakten i Naturvernforbundet Hordaland Ingvild Sundal Joys: «**Hva gjør vi med plasten? Et foredrag om naturvern og plastproblemet»**

82 deltakarar

Onsdag 26.3:

Aldringsoptimist Eva Marie Halvorsen: «**Best før,- men ikke dårlig etter»**

248 deltakarar

Onsdag 30.4:

Førsteamanuensis ved Norges idrettshøgskole Gudmund Skjeldal: «**Kvar går idretten?»**

102 deltakarar

Onsdag 14.5

Professor i filosofi ved Universitetet i Oslo Arne- Johan Vetlesen:

«**Kan hevn være moralsk forsvarlig?»**

96 deltakarar

Onsdag 3.september:

Forfatter Ruth Lillegraven: «**20 år med poesi og prosa».**

113 deltakarar

Onsdag 24. september:

Etnolog og styrar Voss Folkemuseum Eirik Helleve:

«Soria Moria - Utvandring frå Voss til USA»

109 deltakarar

Onsdag 22. oktober:

Professor og USA-ekspert Hilmar Mjelde:

«Trump 2 er noko anna enn Trump 1.»

252 deltakarar

Onsdag 26. november:

Musikkjournalist, programleiar og sakprosaforfattar Bård Ose:

«Beatles og kvinnene. Historier om kvinner som inspirerte»

166 deltakarar

Onsdag 10. desember:

Offiser i Forsvaret Torbjørn Grimeland:

«Norsk tryggingspolitikk, med vekt på nordområda»

100 deltakarar

Til saman

1537 deltakarar

Dvs: Gjennomsnitt 154 deltakarar

Tilsvarande tal dei siste åra: 2024: 152 , 2023: 139, 2022: 105, 2021: 86, 2020: 109, 2019: 131, 2018: 119, 2017:130, 2016: 114, 2015: 117, 2014: 95

Styret vil takka alle foredragshaldarane for godt førebudde og fint gjennomførte foredrag.

5) Økonomi

Pris for medlemskap har i 2025 vore kr. 600. Våren 2025 hadde me 29 medlemmer og i haust har me hatt 25. Betaling for einskildmøte er kr. 150,- Skuleelevar har halv pris. Voss senioruniversitet har Vippskonto nr. 536809. Voss sparebank låner oss gratis betalingsterminal til kvart møte. Rekneskapen syner driftsoverskot på kr 20 202. Kapital pr. 1.1.2026 er kr171 258, 93. Styret takkar dei som har gjeve oss tilskot. Voss folkeakademi med kr 8400 og Voss sparebank med kr 10.000. Voss kommunikasjon trykkjer programmet vårt. Vidare må me takka dei vossaverksemdene som støttar oss i lysingane våre. Voss sparebank (2) , Vekselbanken (2), Voss energi (2), Amfi (1) , XL-bygg (1) og Vossasylv(1) i alt 9 sponsorar. Grunna mistyding måtte me betala ei lysing sjølve.

Husleiga i 2025 kr 5000 i Vossasalen. Honoraret for 2025 er kr 3000.

6) Oppsummering

Styret er godt nøgd med frammøte. Me får mange gode tilbakemeldingar og mange framlegg til foredragshaldarar. Styret ønskjer å halda fram i Vossasalen sjølv om husleiga stig. Me ber om orsak for ulempene det kan vera dei gongene me ikkje får leiga Vossasalen. Styret har planlagt 20 –

årsmarkering 28.januar 2026. Styret er inneforstått med at dette arrangementet kan gå noko underskot.


Voss 3.2.25

Anne-Karin Dugstad



Marit Hafting

Halvard Bjørge



Lars Brekke

Marit Wæhle



Lars Kvamme



Ingunn Hommedal



Geir Arne Aspebakken

Hans Schmidt Øverland